Søknad om tillatelse – økologisk drift

# Søknad om midlertidig tillatelse til innkjøp av ikke-økologisk grovfôr

Du kan søke om tillatelse til å kjøpe inn ikke-økologisk grovfôr dersom fôrproduksjonen er gått tapt eller det pålegges restriksjoner.

Det kan søkes i følgende situasjoner: Som følge av ekstraordinære værforhold, utbrudd av smittsomme sykdommer, forurensning med giftige stoffer eller som følge av brann , jf. økologiforskriften § 3, jf. forordning (EF) nr. 889/2008, artikkel 47, bokstav c.

En eventuell tillatelse til å bruke ikke-økologisk grovfôr til økologiske dyr vil kun gjelde for en begrenset periode og kun i den utstrekning som er nødvendig.

Obligatoriske vedlegg må legges ved denne søknaden for at den skal bli saksbehandlet – se detaljer nedenfor.

**Virksomhetens opplysninger:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Navn** | Helene Olli Sollid, Gripen gard | | |
| **Gate/vei, husnr.** | Gripavegen 86 | | |
| **Postnummer** | 5919 | | |
| **Poststed** | Frekhaug | | |
| **Organisasjonsnummer** | 988637106 | **Telefonnummer** | 56176416 |
| **E-postadresse** | post@gripengard.no | | |

**Opplysninger til søknaden:**

| | |
|---|---|
| Besetningsstørrelse av ulike dyr: | 44 gamalnorsk sau |
| Fôr- og driftsgrunnlaget: | I tillegg til min gard driv eg bruk nr 335/1, tilsaman ca 18 dekar fulldyrka og 23 dekar overflatedyrka. I tillegg har eg beiteareal hjå ein annan nabo i tillegg til vêrabeite på Manger (desse to områda er no i karens) Eit vanleg år er dette meir enn nok. |
| Normalavling: | 50 kubikk |
| Omsøkt mengde og kvalitet (f.eks. antall rundballer): | 20 firkantballar |
| Hvor stor andel ikke-økologisk grovfôr vil det være i fôrrasjonene i perioden det konvensjonelle fôret skal nyttes? | Ca 50% |
| Hva er årsaken til at det har oppstått et behov for å bruke ikke-økologisk grovfôr?<br><br>Begrunnelsene skal bekreftes med uttalelser fra lokal landbruksmyndighet el. | Årsaka er tørkesommaren 2021. Eg fekk berre førsteslått. Sjølv om høyet er av topp kvalitet vart det ikkje nok. Eg skjønte tidleg at det ville verte tøft, så eg selde alle dei 4 kyrne mine, eg halverte saueflokken, ved sal av livdyr og slakt. Triste greier. No byrjar det å minke på høyet, og eg tør ikkje vente lengre med å søke. I fjor fekk eg avslag forid eg søkte for tidleg. Men eg kan jo ikkje rsikere å ikkje få fôr til dyra mine. Det er dessverre svært vaskeleg |

| | |
|---|---|
| | å få tak i hy her i Nordhordland, og heilt umuleg å få tak i økologisk høy, i alle fall sertifisert. I fjor neærast pressa eg ein lokal høyimportør til å ta inn økologisk høy. Det vart dyrt og vanskeleg for oss beggje. Eg måtte kjøpe mykje meir enn eg trong, fordi han elles ikkje kunne bestille så lite, og han brende og inne med det han trudde han kunne få seld til andre. Så i år vil han ikkje. For min del første høykjøpet i fjor til mykje elende. Høyballane var 250 kg og eg kar ikkje maskiner til å handtere slikt. Eg måtte ha ein dugnad der me plasserte alt i garasjen, i tre etasjar, alt med folk, ikkje maskiner. Det var ein farleg jobb og det gjekk bra. Men frykteleg tungvint for meg i fortsetjinga, fordi høyet var langt unna der dyra fekk met.  Eg kan sjølvsagt gi meir kraftfôr, men eg likar best å gi berre høy. Som nemnd var dette mykje meir enn eg trengde, så eg pakka det inn slik at det skulle halde seg reint til denne vinteren. Når eg skulle byrje å bruke det, oppdaga eg at om lag alt var øydelagt under lagringa. Det synte seg at ei lite tau som var festa på utsida av garasjen, hadde vorte strekt inn og sat fast i ein av ballane inni garasjen, under presenninga. Dette tauet hadde vorte ein kanal for vatn, så alle dagane med regn hadde vatn vorte trekt inn i høyet gjennom tauet. På grunn av at det var pakka inn så grundig for å hundre kattar å pisse og skite i høyet, vart det ikkje oppdaga, og det tørka heller ikkje opp mellom slaga. Så då var eg plutseleg nesten to tonn høy i manko. Dette var altså det økologiske høyet eg kjøpte så dyrt i fjor. Dette er grunnen til at eg har fått for lite høy i 2021. Eg er no dessverre nøydd å kjøpe konvensjonelt høy til dyra mine, eg kan ikkje slakte ned meir no. Difor søkjer eg om å få kjøpe høy som ikkje er Debiosertifisert. Sidan eg fekk avslag delvis fordi eg søkte for tidleg i fjor, har eg no venta med å søkje. Difor går eg utifrå at de sakshandsamar raskt. Eg reknar med de ikkje har to motstridande praksisar på dette.<br><br>Eit vil elles nytte høvet til å peike på eit anna moment. Det at Mattilsynnet har så stenge reglar for bruk av konvensjonelt grovfôr, gjer at det vert mykje vanskelegare å drive sertifisert økologisk i nokre regionar, slik som  i Nrodhordland. Det kan virke som, basert på avslaget eg fekk i fjor og andre saker eg har høyrd om,  at Mattilsynet trur at det er like lett å få tak i Debiosertifisert grovfôr i heile landet, og at alle søknadar vert handsama basert på ei slik vurdering. Eg erfarar at me stadig vert ferre økologiske produsnetar som driv med kjøt og mjølk på vestlandet, og eg er ganske sikker på at dette er ein tungtvegande årsak. Eg, som i tillegg til å drive økologisk, satsar alt på tørrhøy, fordi vil unngå plast og kjemikaliar til surfôr og den maskinparken det krev,  strevar meir enn andre. Det er rvanskeleg tilhøve no med klimaendringane, som eg alt merkar veldig godt. Eg merkar og ei generell uvilje mot å handle med Debiosertifisert grovfôr hjå leverandørar i min nærleik. Det kan jo vere noko Mattilsynet kan vere klar over, om ikkje anna. |
| Hvilke tiltak er gjort for å få tak i økologisk grovfôr? | Eg har undersøkt hjå alle fôrleverandørar i regionen, og han som leverte i fjor, vil ikkje ta inn i år fordi det endte opp med tap for |

Søknad om tillatelse – økologisk drift

| | |
|---|---|
| Det er ikke nødvendig å undersøke tilgangen på økologisk grovfôr i andre landsdeler. Det er tilstrekkelig å ha etterspurt fôret lokalt. Dette må kunne dokumenteres, ved å vedlegge bekreftelse fra landbruksrådgivning på at det ikke er økologisk grovfôr å oppdrive. | han. Difor har eg ikkje anna val enn å kjøpe konvensjonelt høy. Sjå vedlegg frå landbruksetaten i Alver kommune. |

Obligatoriske vedlegg: Dokumentasjon fra lokal landbruksrådgivning el. med begrunnelse for at det har oppstått behov for å bruke ikke-økologisk grovfôr.

| | |
|---|---|
| **Dokumentasjon fra lokal landbruksrådgivning el. - sett kryss** | Eg har snakka med landbrukssjef Laila Bjørge, og ho skal laga ei stadfesting på at det har vore streng tørke i sommar, og at økologisk grovfôr ikkje kan skaffast i vår region. Dette vil verte ettersend. |

**Bekreftelse og underskrift:**

| | |
|---|---|
| **Jeg forsikrer at opplysningene opgpitt i søknaden og i vedlegg til søknaden er riktige. Jeg bekrefter at jeg er kjent med vilkårene for å kunne få tillatelse til å bruke ikke-økologisk fôr til økologiske dyr.** | |
| **Navn** | Helene Olli Sollid , Gripen gard, Gripavegen86, 5919 Frekhaug. |
| | |

Søknaden med vedlegg sendes per e-post til postmottak@mattilsynet.no med kopi til kontor@debio.no. Merk søknaden «Region Stor-Oslo, Avdeling nasjonale godkjenninger». Behandlingstiden beregnes til én måned.